



DELÅRSRAPPORT

4. kvartal 2018

Voss, 29. januar 2019
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 4. KVARTAL 2018

GENERELT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Finance Reporting Standard).

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit akkumulert resultat før tap for utgangen av 4. kvartal på 53,3 mill. kr. Dette er ein auke på 24,4 mill. kr i høve til same periode i 2017. Akkumulert resultat av ordinær drift før skatt er 52,1 mill. kr mot 29,2 mill. kr i 2017. Akkumulert resultat etter skatt er 39,6 mill. kr mot 20,3 mill. kr i 2017.

Akkumulert totalresultat pr. utgangen av 4. kvartal 2018 er 44,8 mill. kr mot 27,8 mill. kr for same periode i fjor.

Banken har ei positiv utvikling resultatmessig. Eigenkapitalavkastninga etter skatt er 8,9 % pr. utgangen av 4. kvartal i år mot 5,2 % for tilsvarende periode i fjor. Dette kjem i hovudsak av god utlånsvekst, positiv utvikling i andre inntekter og reduserte kostnader.

For 4. kvartal isolert (2017 tala i parentes) er resultat før tap 15,4 mill. kr (10,8), resultat før skatt 13,2 mill. kr (11,4), resultat etter skatt 9,6 mill. kr. (8,9) og totalresultat 14,0 mill. kr (8,7).

RENTENETTO

Den gode veksten i utlån gjev banken monaleg vekst i netto rente- og kreditprovisjonsinntekter, som ved utgangen av 4. kvartal akkumulert er bokført til 88,2 mill. kr. Dette er ein auke på 5,3 mill. kr fra same periode i 2017.

Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 4. kvartal 1,81 % (1,86 %). Isolert for 4. kvartal var netto rente- og kreditprovisjonsinntekter 23,6 mill. kr mot 21,9 mill. kr i 2017.

ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 4. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 14,7 mill. kr. Dette er ein auke på 14,9 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Netto provisjonsinntekter er auka med knappe 2,1 mill. kr, medan utbytte og netto verdiendring på finansielle instrument er auka med 13,0 mill. kr.

For kvartalet isolert er netto andre driftsinntekter 4,5 mill. kr mot 3,0 mill. kr i 2017.

Det er positivt å registrere at provisjonsinntekter frå sal av forsikrings- og spareprodukt framleis aukar jamt og trutt. Dette er områder banken satsar på og har bygd opp rådgjevnadskompetanse innan. Banken får fleire kundar innan forsikring og sparing/plassering.

DRIFTSKOSTNADER

Banken sine akkumulerte driftskostnader er ved utgangen av 4. kvartal bokført til 49,6 mill. kr mot 53,8 mill. kr i fjor. Årsaka til reduksjonen er i hovudsak at banken ikkje lenger har avskrivningar knytt til overgangskostnadane frå EVRY til Eika. Lønn og andre personalkostnader er redusert med 1,0 mill. kr, medan andre driftskostnader har auka med 0,8 mill. kr. Isolert for 4. kvartal er driftskostnadane 12,7 mill. kr mot 14,1 mill. kr i 2017.

TAP OG MISLEGHOLDNE LÅN

Ved utgangen av 4. kvartal har banken akkumulert netto bokført tap og nedskrivingar på utlån med 1,2 mill. kr mot tilbakeført tap på 0,2 mill. kr i fjor. For nærmere spesifikasjon, sjå note 2 og 3. For 4. kvartal isolert er netto bokført tap og nedskrivingar 2,2 mill. kr mot tilbakeført 0,5 mill. kr for tilsvarende periode i 2017.

RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin rådveldekapital ved utgangen av 4. kvartal er 5.153 mill. kr. Dette er ein auke på 588 mill. kr (+12,9 %) siste året. Inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er rådveldekapitalen 5.577 mill. kr.

INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 4. kvartal på 3.253 mill. kr. Dette er ein auke på 324,7 mill. kr (+11,1 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 4. kvartal er 71,2 % mot 69,5 % på same tidspunkt i fjor.

UTLÅN

Banken har ved utgangen av 4. kvartal i år hatt ein vekst i utlåna siste året på 354 mill. kr (+8,40 %). Utlånsreduksjonen til næringskundar er 5 mill. kr (-0,57 %), medan utlånsveksten til personkundar er 360 mill. kr (+11,03 %).

Brutto utlån til kundar er samla 4.570 mill. kr mot 4.216 mill. kr ved utgangen av 4. kvartal 2017. Av samla utlån er 952 mill. kr (20,8 %) utlån til næringsverksemد og 3.619 mill. kr (79,2 %) til personmarknaden. I tillegg har banken formidla lån til personmarknaden via Eika Boligkreditt (EBK) med samla uteståande ved utgangen av 4. kvartal på 424 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 10,5 % mot 10,5 % også i 2017. Dette utgjer 8,5 % (8,3 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst gjennom auka bruk av EBK.

LIKVIDITET

Den gode veksten i utlån dei siste 12 månadane har gjort at banken har mått henta inn meir finansiering i marknaden. Banken har pr. 4. kvartal uteståande obligasjonsgjeld på 1.302 mill. kr. Banken har oppnådd gode finansieringsføresetnadar på verdipapirutferdingane. Sjå note 6 for nærmere detaljar. Ved utgangen av 4. kvartal er banken sin LCR 288 %, og NSFR 125 %.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 18,82 % ved utgangen av 4. kvartal mot 17,69 % på tilsvarende tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 510,3 mill. kr, noko som gjev ei overdekning på 293,4 mill. kr i høve minstekravet.

Kjernekapitalen til banken er 470,3 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 416,3 mill. kr ved kvartallskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 17,35 % (16,12 % i 4. kv. 2017) og ei rein kjernekapitaldekning på 15,36 % (15,44 % i 4. kv. 2017) av berekningsgrunnlaget. Banken har ved utgangen av 4. kvartal ei overdekning i høve minstekravet til rein kjernekapitaldekning på 294,3 mill. kr.

Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 8,9 % ved utgangen av 4. kvartal 2018 mot 8,7 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

Overskotet i år er teke med i bekrekningane av kapitaldekning. Banken har ikkje fått fastsett pilar 2–krav frå Finanstilsynet.

Frå 01.01.2018 rapporterer banken også konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 18,37

% ved utgangen av 4. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 16,85 % og 14,83 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 8,13 %.

FRAMLEGG TIL UTBYTTE

Vekselbanken har som målsetjing å oppnå økonomiske resultat som gjev ei god og stabil avkastning på banken sin eigenkapital. Resultata skal sikre aksjonærane konkurransedyktig langsiktig avkastning i form av utbytte og verdistigning på eigenkapitalen.

Styret i banken gjer framlegg om å utbetala kr 7,50 i utbytte pr. aksje for 2018, samanlikna med kr 3,50 i fjar og kr 4,75 i 2016. Utbyttet på kr 7,50 i år gjev eit utdelingsforhold sett mot årsresultatet på 37,1 %. Det gjev ei direkte avkastning på 5,6 % rekna mot børskurs 31.12.18 på kr 135,00. Føreslege utbytte er i samsvar med guidinga som er eit utdelingsforhold på minimum 30 % av årsresultatet. Ved normal årleg vekst framover og normale inntekter frå bankdrifta, vil utdelingsforholdet aukast til rundt 40 % av årsresultatet dersom ikkje soliditeten tilseier noko anna.

REVISJON

Kwartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

UTSIKTENE FOR 2019

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Konkurransen i rentemarknaden er hard. Banken har klart å auke netto renteinntekter gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst. God vekst i utlån og andre inntekter, låge tap og kostnadsreduksjonar gjer at kjernedrifta samla utviklar seg positivt. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt, styrker banken sitt inntektsgrunnlag framover. Samla sett vil dette også bidra positivt til å styrka banken sitt resultat framover.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for perioden 1. januar til 31. desember 2018 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilet av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerhetsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 29. januar 2019

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekvål
Styreleiar


Hildegunn Reime
Nestleiar


Olav Seim


Olav Seim


Kathrine Løno Lahlum

Kathrine Løno Lahlum


Solfrid Dagestad Midttun

Tilsette sin repr.


Stig Gunnar Røthe

Stig Gunnar Røthe
Banksjef

Resultat		4. Kvartal isolert	4. Kvartal	4. Kvartal	
<i>Ordinært resultat – Tal i tusen kroner</i>	Note	2018	2017	31.12.18	31.12.17
Renteinntekter med effektiv rentes metode		36.355	32.089	137.017	123.232
Renteinntekter frå øvrige instrument		694	708	2.629	3.499
Rentekostnader og liknande kostnader		13.463	10.914	51.443	43.754
Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter		23.586	21.884	88.204	82.977
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		4.010	3.274	12.900	11.189
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		822	875	3.421	3.853
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		-	-	2.971	1.122
Netto verdienhøring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument		1.244	603	2.061	-9.053
Andre driftsinntekter		61	42	154	326
Netto andre driftsinntekter		4.494	3.045	14.665	-268
Lønn og andre personalkostnader		6.001	7.667	22.559	23.537
Andre driftskostnader		5.996	4.661	24.002	23.203
Av-/nedskrivningar og gevinst tap på ikkje-finansielle eignelutar		709	1.783	3.021	7.047
Sum driftskostnader		12.706	14.111	49.582	53.787
Resultat før tap		15.375	10.818	53.286	28.922
Kredittap på utlån, garantiar og renteberende verdipapir		2.156	-537	1.167	-231
Resultat før skatt		13.219	11.355	52.119	29.153
Skattekostnad		3.577	2.442	12.559	8.832
Resultat av ordinær drift etter skatt		9.642	8.913	39.560	20.321
<i>Utvída resultat – Tal i tusen kroner</i>		0	0	0	0
Poster som ikkje vert reklassifisert over resultatet		4.379	-167	5.271	7.494
Poster kan reklassifiserast over resultatet		-	-	-	-
Sum utvída resultat		4.379	-167	5.271	7.494
Totalresultat		14.021	8.746	44.831	27.815
Basis og utvatna resultat pr aksje		5,07	4,69	20,82	10,70

Balanse

(Tal i tusen kroner)	Note	31.12.18	31.12.17
Eignelutar			
Kontantar og fordringar på sentralbanken		12.077	13.986
Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar		250.100	74.692
Utlån og fordringar på kunder til verkeleg verdi		-	-
Netto utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost		4.549.933	4.182.623
Renteberende verdipapir		249.653	198.920
Finansielle derivat		2.883	2.505
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument		58.342	57.372
Eigarinteresser i tilknytta selskap og felleskontrollerte foretak		-	-
Eigarinteresser i konsernselskap		-	-
Immaterielle eignelutar		-	-0
Varige driftsmiddel		26.199	29.687
Andre eignelutar		4.002	4.612
Overtekne eignelutar		-	-
Sum eignelutar		5.153.189	4.564.398

Tal i tusen kroner		31.12.18	31.12.17
Gjeld og eigenkapital			
Innlån fra kreditinstitusjonar		1	-
Innskot frå kundar		3.253.008	2.928.292
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir		1.301.936	1.125.345
Anna gjeld		16.280	30.238
Pensjonsforpliktingar		1.371	1.962
Forpliktingar ved skatt		17.252	1.548
Avsetningar på garantiar og unytta rammekredittar		386	-
Ansvarleg lånekapital		40.130	43.330
Fondsobligasjonskapital		36.939	35.000
Forpliktingar helde for sal		-	-
Sum gjeld		4.667.303	4.165.714
Innskoten eigenkapital		49.539	9.447
Annan eigenkapital		410.836	368.995
Fond for urealiserte vinstar		25.512	20.241
Udisponert resultat		-	-
Sum eigenkapital		485.887	398.684
Sum gjeld og eigenkapital		5.153.189	4.564.398

Voss, 29. januar 2019

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekvål
Styrelseiar


Hildegunn Reime
Nestleiar



Olav Seim



Kathrine Løno Lahlum

Solfrid Dagestad Midttun

Tilsette sin repr.



Stig Gunnar Røthe
Banksjef

EIGENKAPITALOPPSTILLING

Tal i tusen kroner	<u>Innsk. eigenkapital</u>		<u>Opptent eigenkapital</u>			<u>Sum eigenkapital</u>
	Aksjar	Eigne aksjar	Hybrid-kapital	Fond for urealiserte vinstar	Anna opptent eigenkapital	
Eigenkapital 31.12.2017	9.500	-52		20.241	368.995	398.684
Overgang til IFRS 9				-	10.606	10.606
Omarbeid eigenkapital 01.01.2018	9.500	-52	-	20.241	379.601	409.290
Resultat etter skatt			1.117		38.443	39.560
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi				5.249		5.249
Verdiendring utlån til verkeleg verdi (ECL 12 mnd)				304		304
Verdiendring renteberende verdipapir til verkeleg verdi				-275		-275
Skatt på verdiendring utlån				-7		-7
Totalresultat 31.12.2018	-	-	1.117	5.271	38.443	44.831
Utbetalt utbytte					-6.650	-6.650
Uferding av ny hybridkapital			40.000			40.000
Utbetalte renter hybridkapital			-1.374			-1.374
Skatt på renter hybdrifikapital direkte mot eigenkapitalen			372			372
Endring eigne aksjar		-25			-558	-583
Eigenkapital 31.12.2018	9.500	-77	40.115	25.512	410.836	485.886
Eigenkapital 31.12.2016	9.500	-18	-	13.896	357.353	380.731
Resultat etter skatt				-1.462	21.783	20.321
Verdiendring tilgjengelig for sal				7.494		7.494
Totalresultat 31.12.2017	-	-	-	6.032	21.783	27.815
Utbetalt utbytte					-9.025	-9.025
Korrigering fond for urealiserte vinstar				313	-313	-
Endring eigne aksjar		-34			-803	-837
Eigenkapital 31.12.2017	9.500	-52	-	20.241	368.995	398.684

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

	4. Kvartal 2018	4. Kvartal 2017
<i>Tal i tusen kroner</i>		
Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar		
Netto utbetaling av lån til kundar	(361.763)	(491.146)
Renteinnbetalingar på utlån til kundar	135.297	122.066
Netto inn-/utbetaling av innskot frå kundar	324.908	(72.097)
Renteutbetalingar på innskot frå kundar	(23.383)	(21.634)
Netto inn-/utbetaling av lån frå kreditinstitusjonar/ innskot i kreditinstitusjonar	1	0
Renteutbetalingar på gjeld til kreditinstitusjonar/renteinnbetalingar på innskot kreditinstitusjonar	1.713	828
Endring sertifikat og obligasjonar	(45.925)	47.687
Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjonar	2.629	3.627
Netto provisjonsinnbetalingar	9.478	7.336
Verdiendring på finansielle instrument og valuta	2.353	(1.125)
Netto inn-/utbetaling kortsiktige investeringar i verdipapir	13.031	(1.000)
Utbetalinger til drift	(58.263)	(42.853)
Betalt skatt	3.889	(6.277)
A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	3.967	-454.589
Kontantstraum frå Investeringsaktivitetar		
Utbetaling ved investering i varige driftsmiddel	(103)	(1.596)
Innbetaling fra salg av varige driftsmidler	578	385
Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapir	(13.808)	(2.085)
Innbetaling frå sal av langsiktige investeringar i verdipapir	(720)	2.548
Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar	2.971	1.122
B Netto kontantstraum frå Investeringsaktivitet	-11.083	374
Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar		
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall gjeld stifta ved utferding av verdipapir	177.498	349.804
Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utferding av verdipapir	(25.109)	(19.470)
Netto inn-/utbetaling ved utstedelse/forfall ansvarlige lån	(730)	-
Innbetaling ved utferding av ansvarleg lån	40.000	
Renteutbetalingar på ansvarlege lån	(2.944)	(2.540)
Kjøp og salg av eigne aksjer	(76)	(837)
Renter på fondsobligasjon	(1.374)	
Utbytte til aksjonærar	(6.650)	(9.025)
C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet	180.615	317.932
A + B + C Netto endring likvidar i perioden	173.499	-136.282
Likviditetsbeholdning 1.1	88.677	224.959
Likviditetsbeholdning 31.12	262.177	88.677
Likviditetsbeholdning spesifisert:		
Kontantar og fordringar på Sentralbanken	12.077	74.052
Fordringar på kreditinstitusjonar utan oppseilingstid	250.100	14.625
Likviditetsbeholdning	262.177	88.677

NOTE 1 – REKNESKAPSPrINSIPP OG VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG SKJØNNNSMESSIGE VURDERINGER

Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapet omfattar perioden 01.01. - 31.12.2018. Kvartalsrekneskapet er utarbeida i samsvar med IFRS Delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS standarder og IFRIC fortolkningar. Kvartalsrekneskapet omfatter ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapet for 2017.

Viktige rekneskapsestimat og skjønnnsmessige vurderinger

Utarbeiding av rekneskapet medfører at leinga gjer estimat og skjønnnsmessige vurderinger og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsrekneskapet for 2017 er det gjort nærrare greie for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

NOTE 2 – TAP PÅ UTLÅN

Endringer i tapsavsetningar

	Steg 1 12 mnd. tap	Steg 2 Livstid tap	Steg 3 Livstid tap	Totale nedskrivningar
Tapsavsetningar pr. 01.01.2018	1.613	4.722	12.890	19.225
Rørsler med resultateffekt:				
Overføringer:				-
Overføringer mellom Steg 1 og Steg 2		2.926		2.926
Overføringer mellom Steg 1 og Steg 3				-
Overføringer mellom Steg 2 og Steg 1	78	-1.919		-1.841
Overføringer mellom Steg 2 og Steg 3		-63	1.913	1.850
Overføringer mellom Steg 3 og Steg 2				-
Overføringer mellom Steg 3 og Steg 1				-
Nye finansielle eignelutar utferda eller kjøpt	295	533		828
Finansielle eignelutar som er frårekna i perioden	-176	-988		-1.164
Modifisering av kontantstraumar frå eignelutar som ikkje er frårekna				-
Konstaterte tap			377	377
Tilbakeføring av tidligare konstaterte tap			-215	-215
Valutaeffektar				-
Endringar i modell eller risikoparametre	-69	-524	80	-513
Andre justeringar	-741	382	-540	-899
Tapsavsetningar pr. 31.12.2018	1.000	5.069	14.505	20.574

NOTE 3 – MISLEGHELDE OG TAPSUTSETTE LÅN

Misleghelde engasjement

	4. Kvartal 2018	4. Kvartal 2017	Året 2017
Brutto misleghelde utlån – PM	8.705	13.573	13.573
Brutto misleghelde utlån – BM	102	2.534	2.534
Individuelle nedskrivningar	-2.000	-1.504	-1.504
Netto misleghelde utlån	6.807	14.603	14.603

Andre tapsutsette engasjement

	4. Kvartal 2018	4. Kvartal 2017	Året 2017
Tapsutsette engasjement (ikkje misleghelde) – PM	19.316	5.333	5.333
Tapsutsette engasjement (ikkje misleghelde) – BM	28.781	24.493	24.493
Individuelle nedskrivningar	-12.505	-11.386	-11.386
Netto tapsutsette engasjement	35.592	18.440	18.440

NOTE 4 – FORDELING UTLÅN KUNDAR

Utlån til kundar fordelt på sektorer og næringer

	4. Kvartal	4. Kvartal	Året
	2018	2017	2017
Landbruk	35.886	32.973	32.973
Industri	106.127	95.782	95.782
Bygg, anlegg	67.055	56.769	56.769
Varehandel	59.445	67.015	67.015
Transport	26.552	28.019	28.019
Eigedomsdrift etc	582.858	582.390	582.390
Anna næring	73.607	94.057	94.057
Sum næring	951.529	957.006	957.006
Personkundar	3.618.593	3.258.983	3.258.983
Brutto utlån	4.570.122	4.215.989	4.215.989
Individuelle nedskrivningar	-	-12.890	-12.890
Gruppenedskrivningar	-	-20.476	-20.476
Nedskrivning steg 1	-808	-	-
Nedskrivning steg 2	-4.875	-	-
Nedskrivning steg 3	-14.505	-	-
Netto utlån til kundar	4.549.934	4.182.623	4.182.623
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	424.078	383.379	383.379
Totale utlån inkl. portefølja i EBK	4.974.012	4.566.002	4.566.002

NOTE 6 – KAPITALDEKNING

Kapitaldekning

	4. Kvartal 2018	4. Kvartal 2017	Året 2017
Opptent eigenkapital	396.586	361.196	361.196
Overkursfond	-	-	-
Utjevningsfond	-	-	-
Annan eigenkapital	25.512	21.391	21.391
Innbetalt aksjekapital	9.423	9.447	9.447
Gåvefond	-	-	-
Sum eigenkapital	431.521	392.034	392.034
Immaterielle eignelutar	-	-	-
Frådrag for forsvarleg verdsetting	-308	-256	-256
Frådrag i rein kjernekapital	-14.961	-3.699	-3.699
Rein kjernekapital	416.252	388.079	388.079
Fondsboligasjonar	54.000	17.500	17.500
Frådrag i kjernekapital	-	-462	-462
Sum kjernekapital	470.252	405.117	405.117
Ansvarleg lånekapital	40.000	40.000	40.000
Frådrag i tilleggskapital	-	-462	-462
Sum tilleggskapital	40.000	39.538	39.538
Netto ansvarleg kapital	510.252	444.655	444.655
	2018	2017	2017
Eksponeringskategori (vekta verdi)			
Statar	-	-	-
Lokal regional myndighet	11.429	13.227	13.227
Offentleg eigde føretak	-	-	-
Institusjonar	33.190	14.176	14.176
Føretak	295.173	304.411	304.411
Masemarknad	-	-	-
Pantsikkerheit eigedom	1.975.938	1.739.386	1.739.386
Forfalne engasjement	6.833	15.486	15.486
Høgrisiko engasjement	-	-	-
Obligasjonar med fortrinnsrett	6.341	6.755	6.755
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	14.833	2.913	2.913
Andelar verdipapirfond	-	13.310	13.310
Eigenkapitalposisjonar	46.265	39.182	39.182
Øvrige engasjement	144.995	208.526	208.526
CVA–tillegg	19	842	842
Sum berekningsgrunnlag for kreditrisiko	2.535.016	2.358.215	2.358.215
Berekningsgrunnlag fra operasjonell risiko	175.616	155.404	155.404
Berekningsgrunnlag	2.710.632	2.513.619	2.513.619
Kapitaldekning i %	18,82 %	17,69 %	17,69 %
Kjernekapitaldekning	17,35 %	16,12 %	16,12 %
Rein kjernekapitaldekning i %	15,36 %	15,44 %	15,44 %

Konsolidering av samarbeidande grupper

Fra 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigarandel på 0,18 % i Eika Gruppen AS og på 0,49 % i Eika Boligkreditt AS.

	2018
Rein kjernekapital	425.236
Kjernekapital	482.902
Ansvarleg kapital	526.466
Berekningsgrunnlag	2.866.476
Kapitaldekning i %	18,37 %
Kjernekapitaldekning	16,85 %
Rein kjernekapitaldekning i %	14,83 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	8,13 %

NOTE 6 – GJELD STIFTA VED UTFERDING AV VERDIPAPIR

	4. Kvartal 2018	4. Kvartal 2017	Året 2017
Sertifikat, nominell verdi + påløpte renter	-	50.000	50.000
Obligasjoner, nominell verdi + påløpte renter	1.301.276	1.075.907	1.075.907
Tilbakekjøpte obligasjoner	-	-	-
Amortisert over-/underkurs	660	-562	-562
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir	1.301.936	1.125.345	1.125.345
Gjennomsnittleg rente ved periodeslutt	2,16 %	2,20 %	2,20 %

	4. Kvartal 2018	4. Kvartal 2017	Året 2017
Ordinær ansvarleg lånekapital, nominell verdi + påløpte renter	-	-	-
Egvivarande ansvarleg lånekapital, nominell verdi + påløpte renter	40.130	40.531	40.531
Fondsobligasjoner, nominell verdi + påløpte renter	75.512	35.000	35.000
Amortisert over-/underkurs	1.543	2.799	2.799
Sum ansvarleg lånekapital og fondsobligasjonslån	117.185	78.330	78.330
Gjennomsnittleg rente ved periodeslutt	3,87 %	3,75 %	3,75 %

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 01.10.2018	Emitert	Forfalt/ innløyst	Øvrige endringar	Balanse 31.12.2018
Obligasjonsgjeld	1.402.206		-100.000	-270	1.301.936
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir	1.402.206	-	-100.000	-270	1.301.936
Ansvarlege lån	40.130				40.130
Fondsobligasjoner	77.307			-252	77.055
Sum ansvarleg lån og fondsobligasjoner	117.437	-	-	-252	117.185

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 01.10.2017	Emitert	Forfalt/ innløst	Øvrige endringer	Balanse 31.12.2017
Obligasjonsgjeld	1.025.203	100.000		142	1.125.345
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir	1.025.203	100.000	-	142	1.125.345
Ansvarlege lån	40.422			109	40.531
Fondsobligasjoner	38.222			-423	37.799
Sum ansvarleg lån og fondsobligasjoner	78.644	-	-	-314	78.330

NOTE 7 – FINANSIELLE INSTRUMENT TIL VERKELEG VERDI, VERDSETJINGSNIVÅ

4. Kvartal 2018	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum
Verdipapirer frivillig klassifisert til verkeleg verdi				
Aksjar				-
Pengemarknadsfond				-
<i>Verdipapir tilgjengeleg for sal</i>				
Aksjar			58.342	58.342
Obligasjoner	249.653			249.653
Rentebytteavtalar brukt for sikring		2.883		2.883
Sum	249.653	2.883	58.342	310.878
Avstemming av nivå 3				
Inngående balanse 01.01	57.372			
Realisert vinst/tap	3.424			
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	(2.963)			
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultatet	1.172			
Investering	13.808			
Sal	(14.471)			
Utgående balanse	58.342			

4. Kvartal 2017

	<i>NIVÅ 1</i>	<i>NIVÅ 2</i>	<i>NIVÅ 3</i>	Sum
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi				
Aksjar	-			-
Pengemarknadsfond		13.310		13.310
<i>Verdipapir tilgjengeleg for sal</i>				-
Aksjar			44.062	44.062
Obligasjonar	168.887	30.033		198.920
Rentebytteavtalar brukt for sikring	-	2.505	-	2.505
Sum	168.887	45.848	44.062	258.797

Avstemming av nivå 3

Inngående balanse 01.01	34.772
Realisert vinst/tap	8
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat	7.332
Investering	2.085
Salg	(135)
Utgående balanse	44.062

Verkeleg verdimålingar og –opplysningars klassifisert etter nivå

I tabellane under vert det nytta fylgjande nivåinndeling:

Nivå 1: Verdsetting basert på noterte prisar i ein aktiv marknad for identiske eignelutar og forpliktingar.

Nivå 2: Verdsetting som baserer seg på (1) direkte eller indirekte observerbare prisar for identiske eignelutar eller forpliktingar i ein marknad som ikkje er aktiv, (2) modellar som nyttar prisar og variablar som fullt ut er henta frå observerbare marknader eller transaksjonar og (3) prising i ein aktiv marknad av ein tilsvarende, men ikkje identisk eignelut eller forplikting.

Nivå 3: Vurderingar som baserer seg på faktorar som ikkje er observerbare eller eksternt verifiserbare.

Selskapet sine verdettingsmetodar maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og belagar seg minst mogleg på selskapet sine eigne estimat.

Spesifikasjon av obligasjons-, fonds- og aksjeportefølje

Obligasjonsportefølje	31.12.2018	31.12.2017
<i>Utstederkategori</i>	<i>Bokført verdi</i>	<i>Bokført verdi</i>
Stat / statsgaranterte	74.820	-
Kommune / fylke	82.251	66.135
Bank og finans	29.173	65.235
Obligasjonar med fortrinsrett	63.409	67.550
Sum obligasjonsportefølje	249.653	198.920

Aksjeportefølje	31.12.2018		31.12.2017	
<i>Navn</i>	<i>Antall aksjer</i>	<i>Bokført verdi</i>	<i>Antall aksjer</i>	<i>Bokført verdi</i>
SDC	2.971	1.519	2.911	1.301
Eika Gruppen	43.859	5.373	43.859	5.215
Eksporfinans	1.050	20.013	1.050	20.013
Gjensidige Forsikring	3.253	440	3.253	376
Eika BoligKreditt	5.411.709	22.729	3.930.979	16.770
Destinasjon Voss	33	100	33	100
Voss Bedriftsser	5	5	5	5
Næringshagen Voss	1.500	150	1.500	150
VossaLøysinga	5	5	5	5
SKAGEN Vekst A	-	-	702	1.731
SKAGEN Global A	-	-	1.017	1.730
Eika Spar	-	-	633	4.031
EIKA Global	-	-	2.306	4.065
SKAGEN Kon-Tiki	-	-	1.899	1.753
Selvaag Bolig	-	-	-	-
VN Norge	-	1.171	-	-
Eiendomskreditt	8.212	1.000	-	-
VIPPS AS	1.475	5.837	80	127
Sum aksjeportefølje	58.342		57.373	

NOTE 8 – VERKELEG VERDI AV FINANSIELLE EIGNELUTAR OG FORPLIKTINGAR

	4. Kvartal 2018		4. Kvartal 2017	
	Balanseført verdi	Verkeleg verdi	Balanseført verdi	Verkeleg verdi
Finansielle eignelutar				
Kontantar og fordringar på sentralbankar	12.077	12.077	13.986	13.986
Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar	250.100	250.100	74.692	74.692
Utlån til kundar	4.549.933	4.549.933	4.182.623	4.185.128
Rentebærande verdipapir	249.653	249.653	198.920	198.920
Finansielle derivat	2.883	2.883	2.505	2.505
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	58.342	58.342	57.372	57.372
Sum finansielle eignelutar	5.122.989	5.122.989	4.530.098	4.532.603
Finansielle forpliktingar				
Gjeld til kreditinstitusjonar	1	1	-	-
Innskot frå kundar	3.253.008	3.253.008	2.928.292	2.928.292
Gjeld opptekne ved utferting av obligasjonar	1.301.936	1.303.856	1.125.345	1.129.120
Ansvarleg lånekapital	40.130	40.255	43.330	38.456
Fondsobligasjonskapital	36.939	75.646	35.000	36.936
Sum finansielle forpliktingar	4.632.013	4.672.765	4.131.967	4.132.804

NOTE 9 – AKSJAR

Dei 20 største aksjonærane:

4. Kvartal 2018

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	189.980	10,00 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	90.000	4,74 %
MP PENSJON PK	87.181	4,59 %
HAUGALAND KRAFT PENSJONSKASSE	64.069	3,37 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	46.771	2,46 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,89 %
WERGELAND HOLDING AS	31.413	1,65 %
SPAREBANK 1 SR-BANK PENSJONSKASSE	31.000	1,63 %
ANDERS VAKSDAL	30.050	1,58 %
KRISTIAN HODNE AS	27.116	1,43 %
SKOGSBORG AS	20.440	1,08 %
JOH. RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	1,05 %
LIMONE AS	18.992	1,00 %
FORLAGSHUSET VIGMOSSTAD & BJØRKE AS	17.700	0,93 %
FJORDSYN AS	16.600	0,87 %
NORDNET LIVSFORSIKRING AS	15.392	0,81 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA	15.376	0,81 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,79 %
HAUKÅS KONSULENTENE AS	15.000	0,79 %
HAAKEN FOSSEN	13.935	0,73 %
Sum 20 største	802.055	42,21 %
Øvrige aksjonærar	1.097.945	57,79 %
Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)	1.900.000	100,00 %

Tal aksjar: **1.900.000**

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 4. kvartal: kr. 234,66

Børskurs ved utgangen av 4. kvartal: kr. 135,-

4. Kvartal 2017

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	189.980	10,00 %
MP PENSJON PK	90.526	4,76 %
AS FLU	90.000	4,74 %
BERGEN KOMMUNALE PENSONSKASSE	50.000	2,63 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	46.771	2,46 %
HAUGALAND KRAFT PENS C/O SR-FORVALTNING	41.069	2,16 %
BJØRKEHAGEN AS	35.990	1,89 %
SPAREBANK 1 SR-BANK c/o Gabler Wassum AS	31.000	1,63 %
KRISTIAN HODNE AS	30.151	1,59 %
WERGELAND HOLDING AS	24.500	1,29 %
FANA SPAREBANK	23.000	1,21 %
SKOGSBORG AS	20.440	1,08 %
JOH. RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	1,05 %
FORLAGSHUSET VIGMOSSTAD&BJØRKE AS	17.700	0,93 %
NORDNET LIVSFORSIKRING AS	17.329	0,91 %
FJORDSYN AS	15.200	0,80 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,79 %
HAUKÅS KONSULENTENE AS	15.000	0,79 %
INGUNN RIO	12.580	0,66 %
ASTRID KLØVE-GRAUE	12.000	0,63 %
Sum 20 største	798.276	42,01 %
Øvrige aksjonærar	1.101.724	57,99 %
Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)	1.900.000	100,00 %

Tal aksjar: **1.900.000**

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 4. kvartal: kr. 220,53

Børskurs ved utgangen av 4. kvartal: kr. 123,-

NYKELTAL

	4. Kvartal	4. Kvartal	Året
	2018	2017	2017
<i>Nykeltal er annualisert der anna ikke er spesifisert</i>			
Resultat			
Kostnader i % av inntekter justert for VP	50,7 %	59,3 %	59,3 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	-7,8 %	9,6 %	9,6 %
Eigenkapitalavkastning*	8,9 %	5,2 %	5,2 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	9,8 %	8,5 %	8,5 %
Innskotsmargin hittil i år	0,3 %	0,2 %	0,2 %
Utlånsmargin hittil i år	2,0 %	2,1 %	2,1 %
Netto rentemargin hittil i år	1,8 %	1,9 %	1,9 %
Innskot og Utlån			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	20,8 %	22,7 %	22,7 %
Andel lån overført til EBK – kun PM	10,5 %	10,5 %	10,5 %
Innskotsdekning	71,2 %	69,5 %	69,5 %
* EK-avkastning etter berekna skatt – Annualisert			
<i>Nykeltal er annualisert der anna ikke er spesifisert</i>			
Soliditet			
Rein kjernekapitaldekning	15,4 %	15,4 %	15,4 %
Kjernekapitaldekning	17,4 %	16,1 %	16,1 %
Kapitaldekning	18,8 %	17,7 %	17,7 %
Leverage ratio	8,9 %	8,7 %	8,7 %
Likviditet			
LCR	288	131	131
NSFR	125	139	139
Likviditetsindikator 1 – Bank	106	101	101
Likviditetsindikator 2 – Bank	110	106	106